



Årsmøte  
Korleis jobbe fram gode årsmøtesaker?  
Kva er ein resolusjon?

Clarion 31.10.24

# Program for dagen:



## ➤ Årsmøte

Lokallaget sitt øverste organ

Struktur

Taler/helsingar

## ➤ Årsmøtesaker og resolusjoner

Engasjement i å lage saker hos medlemmar og tillitsvalgte

Korleis jobbe fram gode årsmøtesaker

Struktur/oppbygging av ei årsmøtesak

Kven skal saka til?

Årsmøtesak eller resolusjon?

Kva kan vere aktuelle saker i 2025?

Gruppearbeid

## ➤ Lunsj kl. 12.00 – 13.00

# Utdanningsforbundet sine besluttande organisasjonsledd:

- **Arbeidsplass:**  
Klubb/klubbstyre
- **Kommuneplan:**  
Årsmøte i lokallag  
Lokallagsstyre
- **Fylkesplan:**  
Årsmøte i fylkeslag  
Fylkesstyre
- **Landsplan:**  
Landsmøte  
Representantskap  
Sentralstyre

# Årsmøtet

Formelt eller uformelt årsmøte?



At eit årsmøte er formelt gjev gevinstar til møtet og då til medlemmane.  
Det vert ein forutsigbar struktur, òg for årsmøtesakene og resolusjonane.  
All informasjon og dei viktige sakene de har får den merksemda det er behov for.

Det uformelle er det godt å ha i pausane og ved ein evt. middag etterpå.

Struktur i planlegging og oppbygging av årsmøtet gjere det òg  
lettare å gjennomføre.

# Årsmøtet

Taler og helsingar på eit lokallagsårsmøte er viktig

Lokallagsleiar bør i tillegg til å ønskje velkomen ha ei **tale/helsing**.

Det er lokallagsleiaren (ilag med evt. fleire frikjøpte) som veit kva som er viktigast å setje fokus på i ei årsmøtetale/helsing i lokallaget.



Tale/helsingar bør vere forhaldsvis korte og «fange» tilhøyrarane.

Besøkjande frå fylkeskontoret held gjerne òg ei tale/helsing.  
Nyttig om lokallagsleiar og representanten frå fylkeskontoret snakkar ilag i forkant, slik at ein ikkje gjentek akkurat det same.

# Årsmøtet



Korleis er dykkar årsmøte?

- formelt/uformelt
- årsmøtesaker?

# Årsmøtesaker - Engasjement

Har medlemmar noko på hjarte som dei ønskjer at lokallaget eller sentralleddet bør ta fatt i?

Type: *Kva gjere Utdanningsforbundet med dette?*

*Dette må Utdanningsforbundet fikse?»*

Minne dei på at årsmøtet til lokallaget er plassen for dette.

De vil gjerne òg oppleve at medlemmar vil skrive saker

UDF allereie har politikk på?

Her er samarbeidet under saksjobbing viktig.

Dei vil trenge informasjon og hjelp frå dykk til og vere med på å dra diskusjonen og refleksjonen deira vidare.



# Årsmøtesaker - Engasjement

- Skape engasjement?
- Klubbmøter
  - aktuelle problemstillinger'
  - mulige årsmøtesaker?
    - tillitsvalgte – klubbleder og talsperson
    - lokallaget på besøk
- Klubben skriver og presenterer saken sjølv
  - Bistå gjerne slik at saka vert godt gjennomarbeida og får tydeleg budskap.



# Årsmøtesaker – Skape engasjement på td. ATV-samling/kurs

Idèmyldring.

Alle saker og tema som er viktige for dei  
Oppramsing, smått og stort.



Gruppeoppgåve til ATVane:

Må prioritere td. tre av alle sakene som er ramsa opp.  
Velg ut TOPP-TRE saker og tenk at desse skal vere med vidare.  
Fordel sakene på gruppene og start å jobbe med dei

Klubbane jobbar vidare med sakene, utkast går til lokallaget.  
Litt fram og tilbake over tid.

# Årsmøtesaker – Skape engasjement på td. ATV-samling/kurs

Ein/to må ha ansvar for denne kommunikasjonen i lokallaget/styret

I denne dialogen kan de hjelpe dei å spisse budskapet ved behov.



Det er alltid bra at medlemmane sjølve legg fram sine saker på årsmøtet  
Skapar det usikkerhet?  
Viktig å vere med og trygge dei.

Vi har snakka mykje om at medlemmar og tillitsvalde kan skrive saker, men vi må ikkje gløyme at **styret i lokallaget** òg kan skrive årsmøtesaker og resolusjonar.

# Årsmøtesaker – jobbe fram gode saker



- Kva rører seg i klubbane/lokallaget?
- Kva er det medlemmane kontaktar lokallaget om?
- Kva saker veit de vil skape engasjement berre ein nemner dei?
- Ha årsmøtet med i bakhovudet heile året. Høyrer de om noko som kan verta ein god sak, noter ned kor de høyrde det og sjekk om dei vil laga ei årsmøtesak om det.

# Årsmøtesaker – Struktur/oppbygging av ei årsmøtesak

- Kva skal saka handle om?
- Ei kort, god og forklarande ingress
- Kva er ønska resultat og kvifor?
- Kort presisering av kva dei vil skal skje og kven som skal utføre arbeidet i vedtaket



Saksinnhald utan digresjonar eller alt for utfyllande kommentarar + Ein bodskap per sak!

# Årsmøtesaker – Struktur/oppbygging av ei årsmøtesak

1. Sakstittel som beskriv saka
2. Ingress, formål og bakgrunn.
  - Innleiing med å seie noko om kvifor ein tek opp denne saken
  - Er det eit nytt tema/ein ny politikk?
  - Er det endring eller forbedring av eksisterende politikk?
  - Vil ein presse på oppover for å få fart i arbeidet med eit tema/ei sak?

# Årsmøtesaker – Struktur/oppbygging av ei årsmøtesak

## 3. I saksinnhaldet

- Ta med faktaopplysningar, korleis er det i dag.
- Belys
- Argumenter/drøft
- Kva må til for at utfordringa skal løysast.



## 4. Innstilling til vedtak

- Innstillinga skal seie kva man vil skal gjerast/endrasts

Evt. vedlegg

Overskrift – ingress - saksinnhald – avslutning gjerne med gjentaking av budskap, forslag til vedtak.


# Årsmøtesaker – Struktur/oppbygging av ei årsmøtesak

NB! Sjekk ut om vi har politikk på det allereie:

- Bruk [Vi utdanner Norge 2024-2027](#)
- Bruk Strategisk plan <https://www.utdanningsforbundet.no/var-politikk/publikasjoner/2024/utdanningsforbundets-strategiske-plan-august-2024--august-2025-bokmal/>
- Utdanningsforbundet sine heimesider <https://www.utdanningsforbundet.no/>
- Lokale retningslinjer mm.



Systematisering av budskapen er viktig,  
slik at ingen er i tvil om kva denne klubben vil seie.





## Årsmøtesaker – Kven skal saka til?

Ei årsmøtesak kan stilast til ulike nivå i organisasjonen.

Kven er det som kan og bør jobbe med denne saka?

Lokallaget?

Fylkeslaget?

Sentralstyret?

Kanskje kan det òg vere til alle nivå?

Viktig at dei som skriv saka tenkjer gjennom dette.

# «Å skrive er å tenkje.»

## Når budskapet fram?

- Kven skriv du for?
- Kven skriver du til?
- Tilpass ordvalget etter lesaren.
- Bruk konkrete og kjende ord.
- Forklar fagord og andre vanskelege ord, om nødvendig.
- Del teksten inn etter hovudpoeng.
- Sei ein ting om gongen.
- Vere på vakt mot abstrakte formuleringar.
- Prøv å omformulere dersom du ikkje er fornøgd.
- Spør andre om gode språkråd.
- Del opp lange og innfløkte setningar
- Husk punktum.
- Må du nytte forkortningar?
- Plasser gjerne verbet tidleg i setninga.
- Bruk aktiv uttrykksmåte der det passar.



# Eksempel på ei årsmøtesak som er utfordrande...

Kvardagsbeskriving som sak frå barnehagemedlemmar:  
SFS 2201, gruppestorleik, for lite bemanning, sjukefråvær...

**Og med følgende vedtak:**

*Vi ber Utdanningsforbundet jobbe for at ingen barnehagelærarar skal ha mindre enn 4 timar plantid.*

Kva er budskapet desse medlemmane eigentleg vil få fram?

## GRUPPEARBEID - Årsmøtesaker

Kva kan vere aktuelle saker i 2025?

# Årsmøtesaker – Årsmøtesak eller resolusjon?



## EI ÅRSMØTESAK

I ei sak vil årsmøtet at nokon skal gjera noko.

Årsmøte vil at lokal-, fylkes- eller sentralleddet skal arbeida mot eller med noko, eller endre politikk.

Ei årsmøtesak skal ha eit vedtak, som fortel kva årsmøte vil skal bli gjort.

Vedtaket bør vere:

- kort og presist,
- ikkje gje rom for tolking og
- vere lett å forstå

for alle, òg dei som ikkje var på årsmøtet.

# Årsmøtesaker – Årsmøtesak eller resolusjon?



## Ein resolusjon

- er ei meiningstrying som årsmøtet kjem med.
- er ei dagsaktuell uttaling
- er ei uttaling som utdjupar, konkretiserar eller supplerar allereie vedteken politikk

Treng ikkje vere lang.

Overskrift – brødtekst – oppsummerande kulepunkt

Det må kome fram i resolusjonen kor årsmøtet vil sende resolusjonen.

Kva er ein resolusjon?

- Politisk tekst
- Ofte dagsaktuelt tema
- Skape merksemd om en sak.



## Korleis skrive ein resolusjon?

- Kort og konsist
- Prøv å halde det på ei side.
- Det viktigaste fyrst.
- Få, gode argument.
- Få, relevante fakta
- Td. kulepunkt til slutt
- Forslag til tiltak/kva som må skje

## Kva brukar vi ein resolusjon til?

Å få fokus på eit tema.

Å gje og få støtte, opplyse om via:

- aviser, sosiale media, adressat...

Alle som har foreslått ein uttalelse bør ta ansvar for å spre den etter at vedtaket er gjort.

# En helt nødvendig lærerstreik

**Representantskapet i Utdanningsforbundet har vedtatt følgende resolusjon.**

Årets lønnsoppgjør for lærerne i KS ender i streik. Tilbudet fra KS var rett og slett for dårlig til at det kunne godtas, og for sjette år på rad fikk lærerne i skoleverket mindre i prosentvis lønnsvekst enn andre kommunalt ansatte. I fjor fikk lærerne lavest lønnsvekst av alle, uansett sektor. Dette kunne KS ha unngått, men de valgte annerledes. De valgte å gjøre lærerne til lønnstapere igjen.

De to siste oppgjørene i KS-området har vært katastrofalt dårlige. Lærenes lønnsutvikling siden KS tok over arbeidsgiveransvaret i 2004 og fram til 2021, har vært vesentlig lavere enn for andre ansatte i kommunene. Enda verre er det sammenlignet med lønnsutviklingen i privat sektor.

KS synes det er greit at folk uten lærerutdanning slippes inn i klasserommene for å gjøre akkurat de samme oppgavene som vi som har tatt en lang lærerutdanning. Det er direkte uforsvarlig og vitner om en arbeidsgiver som fullstendig mangler respekt for lærerprofesjonen og innsikt i det viktige samfunnsoppdraget vi er satt til å forvalte.

Representantskapet i Utdanningsforbundet mener at de gjentatte angrepene på lærerprofesjonen, den konstante nedprioriteringen av lærerne i lønnsoppgjørene og den totale mangelen på forståelsen for betydningen av kompetente lærere i skolen ikke kan fortsette. Situasjonen er uholdbar. Elevene har krav på lærere med lærerutdanning i undervisningen. Det bidrar KS ikke til.

# Representantskapet i Utdanningsforbundet støtter selvsagt barnehagestreiken!

"Mandag 17. oktober gikk i overkant av 500 av Utdanningsforbundets medlemmer i over 100 barnehager ut i streik. Ytterligere 450 medlemmer tas ut når streiken trappes opp torsdag 20. oktober. Utdanningsforbundet ønsker ikke en streik, og det er beklagelig at streiken går utover barn og foreldre, men PBL har ikke gitt oss noe valg.

Barnehagelærerne og øvrige ansatte i PBL-barnehagene kjemper for samme pensjon som er vanlig i de fleste andre barnehager. I dag betaler barnehageansatte i PBL mer for pensjonen sin enn andre barnehageansatte. Samtidig får de mindre igjen. Sammenlignet med ansatte i en kommunal barnehage eller en annen privat barnehageeier kan de tape mellom 40.000 og 50.000 i året på å jobbe i PBL. Det er urettferdig. Derfor er denne streiken helt nødvendig.

Streiken kunne, burde og skulle vært unngått. Men nok en gang er Utdanningsforbundets medlemmer satt til å kjempe for retten til lønns- og arbeidsvilkår som sikrer kvaliteten i utdanningssektoren. Kravene som er stilt er viktige og rettferdige. De gir rett til en god livsvarig pensjon og en anstendig pensjonsordning.

Samtidig handler streiken om å overholde inngåtte forpliktelser. PBL har hvert år siden 2019 lovet at denne pensjonen skal komme på plass innen 2023. Nå går de tilbake på løftene sine. Dette oppleves som dypt uredelig.

Penger som det offentlige bevilger til pensjon, skal gå til pensjon. Det er uanstendig at en arbeidstakergruppe med et relativt lavt lønnsnivå skal nektes arbeidsvilkår som er en selvfølge for andre. De private barnehagene får dekket sine pensjonsutgifter av det offentlige. Dette tilskuddet til pensjon er tilstrekkelig til å dekke tjenestepensjon og ny AFP.

Representantskapet forventer at PBL sørger for at de ansatte får en anstendig pensjon, og at denne konflikten blir kortvarig."

**Uttalelse: Alle barn og unge har rett til utdanning, trygghet og fred**

**På sitt møte torsdag 10. oktober, vedtok representantskapet i Utdanningsforbundet følgende uttalelse om krigene i Midtøsten.**

Representantskapet i Utdanningsforbundet fordømmer på det sterkeste voldsutøvelsen i krigene i Midtøsten. Lidelsene som følger av krig, spesielt når det rammer barn, unge og sivile må ikke aksepteres av verdenssamfunnet. Norske myndigheter må styrke sin innsats og bidra til å hindre at den pågående krigen i Midtøsten eskalerer. ....

*Uttalelsen sendes Statsministerens kontor, Utenriksdepartementet, og Stortingets utenriks- og forsvarskomite*

**Utdanningsforbundet får kjeft av sine egne for utydelighet i saken om skolenedleggelser**

Skolenedleggelser setter sinnene i kok rundt om i landet. Nå får ledelsen i Utdanningsforbundet i Drammen hard kritikk av sine egen medlemmer. – Motarbeider oss, mener lærere.

## Utdanningsforbundet får kjeft av sine egne for utydelighet i saken om skolenedleggelser

Skolenedleggelser setter sinnene i kok rundt om i landet. Nå får ledelsen i Utdanningsforbundet i Drammen hard kritikk av sine egen medlemmer. – Motarbeider oss, mener lærere.

[Utdanningsforbundet i Drammen får kjeft av medlemmer for utydelighet i saken om skolenedleggelser – NRK Buskerud – Lokale nyheter, TV og radio](#)



UTDANNINGS  
FORBUNDET

# Årsmøtesaker – Gruppearbeid



No går vi tilbake til flipoveren 😊

Plukk deg/dykk ut eit tema de vil skrive årsmøtesak eller resolusjon på, og start det arbeidet.

Lykke til med komande årsmøtearbeid!





## Aktuelle saker og/eller resolusjoner kan vere:

- Sosiallærer barnetrinnet
- «Goder» i barnehagen
- Fleire timar til planlegging i barnehage
- Behalde lærarar
- Rekruttere lærarar
- Telefongodtgjering
- Bemanning barnehage
- Pedagognorm barnehage
- SFO, utfordrande med ulik antal tilsette i overgangen skule – SFO
- Elevar har ressursar på skule, men ikkje i SFO
- Kommunebudsjett – viktig å behalde det vi har fått til
- Synkande barnetal for barnehage og skule
- Overtallighet
- Profesjonen vår
- Seniortiltak
- Livsfassetiltak
- 6-timers dag
- Rammevilkår SFS 2201
- Leiarråd
- Vidareutdanning barnehagelærarar
- Vidareutdanning barnehagelærer, uttelling utover dei kommuneavtalte studiepoenga
- Lønn for master i barnehage
- Funksjonstillegg
- Kontaktlærartillegg
- Skulestruktur